

Heidi og Asbjørn Mongstad  
Toskavegen 130  
5936 Manger

Radøy kommune

10 OKT 2014

08.10.2014

Radøy Kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 Manger

### Klage på vedtak, plansak 12602011000100 – detaljplan Langhøyane bustadfelt

Viser til brev av 21.08.2014 med saksbehandlar Kjersti Flatråker, der det framgår at me ikkje har blitt varsla om kunngjeringa av reguleringsplan i oktober 2013. Ved ein tilfeldigheit vart me informert av naboar om dette vedtaket som berører vår eigendom grovt. Det viste seg å vere svært vanskelig å fremskaffe informasjon om vegutvidinga som inngår i denne plan og me kontakta kommunen, statens vegvesen og fylkesmannen fleire gongar før nokon kunne svara.

Som grunneigarar av gbnr 45/51 grensar me til regulert område, men er ikkje del av reguleringsplanen. At utvidinga av FV410 Toskavegen skal skje på vår eigendom, når regulert område på motsatt side av vegen står ubebygd er for oss uforståeleg.

- I opprinnelig forslag var fortau lagt til venstre side av vegen og over vår eigendom, dette gav oss eit mellomrom mellom veg og hus me såg som fordelaktig ved ei nødvendig utviding.
- I vedtaket viser det at fortau er flytta til nordsida av vegen. Vegen skal no skal gå 8m frå huset vårt, som ligg ved bakke og bakketopp og alt i dag er utsatt for mykje støy!
- At vegen flyttast 4 meter inn på vår eigendom vil sei 4 meter nærare huset vårt, i tillegg til at all opparbeida støyskjerming forsvinn. Dette ser me på som svært uheldig!
- Det vil også føre til at tilkomsten til garasjen vår vert utilgjengelig.
- I vedtaket framgår det at vegen skal utvidast inn på vår eigendom og gå 3 meter frå uthuset vårt. På grunn av terrenget i austlige del av vår eigendom, som ligg 3 meter lågare enn dagens FV410, vil utvidinga av vegen med stor sannsynlighet gjere at store delar av eigendommen der må fyllast ut, og me vil miste tilkomsten vår til underetasjen i uthuset.
- Når ein ser på vegen slek den er bygd i dag, er den utvida på nordsida, og snevrar inn like før den når vår eigendomsgrænse. Det er heilt naturleg at ein skal fortsetja på ei vidare utviding på nordsida, og dette vil i tillegg ikkje vil berøra opparbeida eigendom.
- Gjennomføring av vegutvidinga som er planlagt i reguleringsplanen vil føre til at store delar av eigendommen vår vert øydelagd og oppførte tilleggsbygningar vert ubrukeleg. Hus og bygningar kjem betydeleg nærare vegen, og det utan at det er tatt med noko støyskjerming!

Me håpar de vil ta klaga til følgje og unngå at utvidinga av FV410 skal skje unødvendig på opparbeida eigendom, når området på motsatt side av vegen er ubebygd og ligg innanfor området reguleringsplanen gjeld for.

Med venleg helsing

Heidi J. Mongstad

*Heidi J. Mongstad*

Asbjørn Mongstad

*Asbjørn Mongstad*

Vedlegg: 1 – Bileter frå dagens situasjon.